



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
30/2021	Bygdeutviklingsutvalet	PS	16.11.2021
	Kommunestyret	PS	

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-223, FE-033	21/1440

REVIDERING AV RETNINGSLINJER - TILSKOT TIL BYGDEUTVIKLING

Vedlegg:

Ny tilskotsordning - Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alternativ 1: Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling vert vidareført. Andre avsnitt under punktet «Kven kan søkje midlar» vert fjerna.

Alternativ 2: Det vert gjort følgjande endringar i retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling:

Fellesforslag frå utvalet, ført inn i møteportalen av Edvin Hesjedal, H:

Det vert halde eit møte i BU i siste del av januar der retningslinjer for tildeling av BU midlar vert tema. Utvalet ber om at eit justert forslag til retningslinjer vert lagt fram møtet. Forslaget vert så send til KS for endeleg vedtak.

Bygdeutviklingsutvalet - Sak 30/2021

BYG - Behandling:

Kommunalsjef Åse Elin Myking orienterte om saka.

Utvalet drøfta søknadsordninga.

På vegner av utvalsmedlemmene la Edvin Hesjedal, H fram følgjande forslag til vedtak:

Det vert halde eit møte i BU i siste del av januar der retningslinjer for tildeling av BU midlar vert tema. Utvalet ber om at eit justert forslag til retningslinjer vert lagt fram møtet. Forslaget vert så send til KS for endeleg vedtak.

Fellesforslaget vart samrøystes vedteke.

BYG - Tilråding/Vedtak:

Det vert halde eit møte i BU i siste del av januar der retningslinjer for tildeling av BU midlar vert tema. Utvalet ber om at eit justert forslag til retningslinjer vert lagt fram møtet. Forslaget vert så send til KS for endeleg vedtak.

Saksopplysningar:

Utval for bygdeutvikling har delegert avgjerdsmynde til å fordele løyvde midlar til aktivitetar og allmenntilgjengelige formål gjennom ordninga «*Tilskot til bygdeutviklingsmidlar*», vedteke av kommunestyret i sak 05/2020, 2020.

Utvalet har sjølv utarbeida retningslinjer vedteke 26.05.21, sak 11/2020 Desse vart deretter vedteke av kommunestyret 23.06.20, sak 33/2020.

Retningslinjene er vedteke med eit avsnitt om at bygdeutvikling må gjere nye vurderinga knytt til kven som kan søkje. I retningslinjene kan ein lese:

BU ønskjer å opne opp for at både private og bedrifter kan søkja, dersom søknaden innfrir i kriteria om kva det kan søkjast midlar til. Kven som får søke vil bli revidert av bygdeutviklingsutvalet i januar 2021.

I tillegg har leiar og medlemmer i utvalet bede om at utvalet får lagt fram retningslinjene for eventuell revidering då det er signalisert at ordninga ikkje treff heilt etter intensjonen.

Her er mellom anna nemnt mogelege endringar knytt til kommunale bygg og anlegg og opprusting av lagshus.

Kommunedirektøren er ansvarleg for å gjere ei forsvarleg sakshandsaming av søknadene som kjem inn. Saksbehandlinga er lagt til digitalisering, innovasjon og samfunn. I første tildelingsår, 2020, hadde utvalet 500 000 til fordeling. Sein oppstart av ordninga er mest sannsynleg ei av årsakene til at ikkje alle midlane vart utdelt i 2020. Same sum vart sett av i 2021.

Tal søknader, samt søknadssum har auka og i år vert det lagt opp til at heile potten vert fordelt på dei ulike søknadene. I år har det også kome inn ein søknad etter at tilskotsmidlane er tilrådd

fordelt, sjå referatsak.

I den samanheng ser kommunedirektøren eit behov for å gjere endringar i retningslinjene. Dette gjeld ordninga med at det er mogleg å søke om tilskot på under 15 000 ved kvart møte, medan søknader over kr 15 000 skal handsamast to gongar i året. Kommunedirektøren ber om at ein endrar retningslinjene slik at behandling av søknader, uavhengig av søknadssum, vert handsama to gongar i året, med søknadsfrist 1. april og 1. oktober.

Med bakgrunn i ovannemnde vert gjeldande retningslinjer lagt fram for utvalet for drøfting og eventuell revidering.